



# VINTERSERIEN 2023

**Nærbø Idrettslag inviterer med dette til den 37. Vinterserien i klubben sin historie.**

I år er det mogleg å melde på lag i desse klassene:

J13, J14, J15, J17, G13, G14, G15 og G17.

*Påmeldingsfrist 2. januar 2023.*

Lagavgift på kr 1050,- per lag vert fakturert klubben samla etter påmelding. Påmelding er ikkje gyldig før påmeldingsavgift er betalt.

## **Puljespel:**

Kvart lag spelar 4 – 6 kampar i eit innleiande puljespel. Puljespelet blir sett opp etter laga sine ønsker om nivå ved påmelding, for å få eit så jamt nivå som mogleg.

Puljespel vil gå på dei respektive laga sine baner. Laga vert innbyrdes einige om kamptidpunkt. Heimelaget har ansvar for å skaffe dommar, og tar evt. utgifter med dette. Dommar bør ha gjennomgått rekrutteringsdommarkurs, men gode klubbdommarar kan også brukast.

For 13-årslaga vert kampane spelt på 9'ar-bane, medan dei som er eldre spelar på 11'ar-bane.

Kampane startar i veke 4 eller 5. Det er ikkje kampar i veke 9, grunna vinterferie.

Puljeoppsettet skal vere klart to veker før oppstart.

## **Sluttspel:**

Kvartfinalane går på finalelaga sine baner. Heimelaget har ansvar for å skaffe dommar, og tar evt. utgifter med dette.

Semifinalar og finalar vert avvikla i Loen på Nærbø i vekene før/etter påske.

Her blir det set vi opp dommarar. Det vil vere ulikt kor mange lag frå puljene som går vidare til A og B sluttspellet. Dvs. at puljene på dei høgaste nivåa vil få fleire lag inn i sluttspela enn puljene på dei lågaste nivåa.

**Reglement:**

Det vert spelt etter NFF sitt gjeldande reglement. Gule kort vert strøkne etter kvar kamp, rødt kort medfører minst ein kamp karantene. Det vil bli sett ned ein eigen turneringsjury.

Det er ikkje tillate med lånespelarar.

Spelar på veg til anna klubb kan søkast om til oss, dersom tidligare klubb gir midlertidig spelegodkjenning (p.g.a. speleforsikring ved evt. skade).

Speletid:

13 og 14 år: 2 x 35 min

15 og 16 år: 2 x 40 min

17 år: 2 x 45 min

Ved uavgjort i finalespelet vert det spelt ekstraomgangar på 2 x 5 min «golden goal», og evt. påfølgande straffespark med fem straffer, før kvar straffe vert avgjerande.

**Premiering:**

I A-sluttspillet vert det delt ut pokal til 1., 2. og 3. plass. I B-sluttspillet vert det delt ut pokal til 1. og 2. plass. Evt. individuell premiering avgrensar seg til 18 spelarar/leiarar per lag.

**Resultat:**

Heimelaget sin kontaktperson melder inn kampresultat umiddelbart etter kamp til gruppa sin kontaktperson i Vinterserien, slik at resultat og tabellar på nett vert oppdatert fortløpande. Informasjon, resultat og tabellar finn de ved å bruke tilsendt lenke.

Lenke til påmelding finn det på [www.narboil.no](http://www.narboil.no) og Facebook-sida vår.

For spørsmål eller meir informasjon, ta kontakt med Harald Ulriksen Rygg (tlf. 922 61 455 /mail harald.ulriksen.rygg@gmail.com ) eller Synnøve Veien (tlf. 958 40560 / mail synnove.veien@lys.net).

**Følg oss gjerne på Facebook;**  
**«Nærbø idrettslag sin vinterserie i fotball»**